

Mellombels tilsett som rektor ved Bringedalsbygda.

13.01.2018



Stig Berge Soldal er mellombels tilsett som rektor på Bringedalsbygda skule. Ordninga gjeld ut dette skuleåret.

Stig Berge Soldal er mellombels tilsett som rektor ved Bringedalsbygda skule. Tilsetjinga gjeld ut skuleåret. Ordninga med felles rektor på fleire skular har vore prøvd før. Så langt har denne ordninga fungert fint. Det er dessutan ei praktisk løysing for kommunen og vert oftast iverksett i dei høve der eksisterande rektor vert overført til ny skule midt i skuleåret.

Kommunalsjef, Anne Sofie Bjelland Kjeka, seier til Uskedalen.no at den som var rektor på Bringedalsbygda skule, Anne Lise Huneide, fekk rektorjobben i Skånevik. Dermed var det naturleg å bed Stig Berge Soldal ta jobben ut dette skuleåret. Soldal er rett nok ny i rektorfunksjonen, men han har stor arbeidskapasitet, er fleksibel og konstruktiv. Så langt er tilsetjinga godt motteken frå alle partar.

Stig Berge Soldal fortel at reint praktisk vert det gjort slik at han deler seg 50/50 % på begge skulane. Måndag er han berre på Uskedalen, torsdag berre på Bringedalsbygda. Han er med på alle møte på begge skulane. Uskedalen har t.d. sine utviklingsmøte måndag og onsdag.

Stig Berge Soldal er sjølv frå Herøysundet. Han har vore elev på Bringedalsbygda skule. Han reknar seg som herøysundar og han kjenner bygda godt. Sjølv hadde han den kjende og godt likte, Knut E. Skåla, som lærar i 6 år.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Thor Inge Døssland

